



# DEN NORSKE KYRKJA

## Høyanger Sokneråd

Dalevegen 4  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 17.11.2020

### Møtebok Høyanger sokneråd

Møtedato: 05.11.2020  
Møtetid: Kl. 18.00  
Møtestad: Høyanger kyrkjekontor (Møterom)

### Til stades:

May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Marit Tonning, Trond Gandrud, Andreas Ester.

### Forfall:

Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud

### Kopi av møteboka går til:

Prost Knut Magne Nesse, ordfører Petter Sortland, rådmann Kjellaug Ekse Brekkhus, kontor Gerda Otterstein, sekretær Katarina Vattekar, kyrkjelydspedagog Toril Lange, postmottak Høyanger kommune

### Sakliste

Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok.  
Godkjent utan merknader.

### Meldingssaker

**000026 Soknepresten hadde ordet**  
Presten tok utgangspunkt i preiketeksten for søndag, og snakka om historia om Bartimeus. Han snakka og om situasjonen i dag, med Corona-pandemien og valet i USA.

**000027 Rekneskapsrapport**  
Rekneskapsrapporten vart gjennomgått og teken til vitande.

**000028 Ymse**  
Det er kome tilbakemeldingar om at folk ikkje ønskjer å gå rundt alteret i samband med ofring. Soknerådet meiner at det å setje ei offerskål ved utgangen kan fungere betre.

I den nye gudstenesteplanen vert nokre av gudstenester på onsdag kveld. Soknerådet meiner det vil vere lurt å kontakte Ytre Sogn, for å få ein artikkel om dette.

### Vedtaksaker

#### Sak 032/20 Høyanger Bedehus

Saka om overtaking av Høyanger Bedehus vart diskutert. Soknerådet er usikker på kva moglegheiter for finansiering som finst, som tilskot frå privat næringsliv og offentlege instansar. Soknerådet er også usikre på kva forplikingar ei eventuell overtaking fører med seg, og vil at kyrkjeverje og evt. andre kan kome i neste møte og orientere om saka, slik at alle sider blir belyst.

**Vedtak:** Saka vert utsett til neste møte, der kyrkjeverja vert invitert for å orientere.

**Sak 033/20 §-9 møte med dei tilsette på Høyanger bedehus 12.11.2020 kl. 18.00**

**Vedtak:** Veronica bakar kake, May-Wenche lagar gryterett, Vidar dekkar på borda.

**Sak 034/20 Gudstenesteplan**

**Vedtak:**

Gudstenesteplan er fastlagt fram til og med Påske 2021, og vert vedlagt møteboka.

**Sak 035/20 Blomsterutdeling til pårørande**

**Vedtak:** Marit Tonning hjelper til med utdeling av blomar til Jul til dei pårørande.

**Sak 036/20 Julekonsertar i Høyanger kyrkje**

Kulturskulen skal ha sin julekonsert fredag den 4. desember kl. 18.00, og Fagforeningens Musikklag skal ha sin julekonsert laurdag den 12. desember kl. 17.00.

**Vedtak:** Høyanger sokneråd meiner at arrangørane låner kyrkja, og at dei stiller med personar til å registrere frammøtte, og ser til at smittevernreglane vert følgt.

**Sak 037/20 Sokneråda sin rapport etter biskopen sine utfordringar**

Soknepresten las opp eit brev som skal sendast som rapport til biskopen etter visitasen i 2019.

**Vedtak:** Soknerådet godkjende rapporten.

Vidar Myren, referent

Bjørnar Otterstein, sekretær

*Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast, som somme plar gjera. Men lat oss setja mot i kvarandre, og det så mykje meir som de ser dagen nærmar seg.” (Heb.10,25)*

## Gudstenester

### 10. Januar – 2. søndag i openberringstida

Kl. 11:00 Lavik, v/Geir Sørebo og Toril Lange, Tårnagentgudsteneste  
Kl. 17:00 Vadheim, v/Andreas Ester  
Kaffigudsteneste

### 20. Januar - onsdag

Kl. 18:00 Høyanger, Gladgudsteneste  
v/Andreas Ester

### 24. Januar – 4. søndag i openberringstida

Kl. 11:00 Kyrkjebø v/Andreas Ester  
Kl. 16:00 Bjordal v/Geir Sørebo og Toril Lange, Tårnagentgudsteneste

### 31. Januar - Sømmannssøndagen

Kl. 11:00 Lavik v/Geir Sørebo  
Kl. 17:00 Vadheim v/Andreas Ester

### 07. Februar – Kristi forklaringsdag

Kl. 11:00 Høyanger v/Andreas Ester og Toril Lange, Tårnagentgudsteneste

### 14. Februar - Fastelavenssøndag

Kl. 11:00 Bjordal v/Andreas Ester. Årsmøte  
Kl. 17:00 Kyrkjebø v/Andreas Ester og Toril Lange, Tårnagentgudsteneste

### 21. Februar – 1. søndag i fastetida

Kl. 11:00 Vadheim v/Andreas Ester  
Kl. 17:00 Lavik v/Geir Sørebo

### 24. Februar - onsdag

Kl. 18:00 Høyanger v/Andreas Ester,  
Temagudsteneste

### 07. Mars – 3. søndag i fastetida

Kl. 11:00 Kyrkjebø, v/Andreas Ester

### 10. Mars - onsdag

Kl. 19:00 Høyanger v/Andreas Ester,  
Gladgudsteneste

### 14. Mars

Kl. 11:00 Lavik v/Geir Sørebo  
Kl. 16:00 Bjordal v/Geir Sørebo

### 21. Mars – Maria Bodskapsdag

Kl. 12:00 Høyanger v/Andreas Ester,  
Samtalegudsteneste  
Kl. 16:00 Hyllestad v/Audun Systad,  
Felles samtalegudsteneste med Lavik

### 28. Mars - Palmesøndag

Kl. 11:00 Vadheim v/Andreas Ester

### 01. April - Skjærtorsdag

Kl. 11:00 Ortnevik v/Geir Sørebo  
Kl. 18:00 Alværa v/Geir Sørebo,  
Påskemåltid

### 02. April - Langfredag

Kl. 18:00 Høyanger v/Andreas Ester

### 03. April - Påskenaatt

Kl. 23.30 Kyrkjebø, v/Andreas Ester

### 04. April - Påskedag

Kl. 11:00 Lavik v/Geir Sørebo  
Kl. 16:00 Bjordal v/Geir Sørebo

### 05. April - 2. Påskedag

Kl. 11:00 Kyrkjebø v/Andreas Ester

**NB: Det kan skje endringar, så følg med i kalendaren på Facebook, og på heimesida vår: [www.hoyanger.kyrkja.no](http://www.hoyanger.kyrkja.no)**

